



## Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

17 JUN 2015

Fjell kommune  
Samferdsel og trafikk  
Postboks 184  
5342 STRAUME

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2015/075279-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
16.06.2015

### Søknad om avkøyring til ny parkering og busslomme ved Landro skole, gnr. 24, bnr. 16 og 354. Førehandstilsegn for ny avkøyring.

Vi viser til Dykkar oversending av 12.06.15 med framlegg til opparbeiding av ny avkøyring til parkeringsplass og busslomme på fylkesveg 211 ved Landro skule.

Vedtak.

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til ny avkøyring under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: Fylkesveg 211 – hp 01 – 02165km, gnr. 24, bnr. 16 i Fjell kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyringa skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjend av Statens vegvesen innan 3 – tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med tilsendt framlegg til utforming av avkøyringa og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg*, som ligg på lovdata.no.
3. Avkøyringa skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyringa.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 6 meter inn i avkøyringa skal være minimum 30 meter til begge sider av køyrebana. Sikt fram- og bakover på vegen, målt 10 meter frå avkøyringspunktet skal vere minimum 30 meter. Fart på 30 km/t er lagt til grunn.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

5. Svingeradius mot venstre skal vere minimum 3 meter (diameter 6 meter) og svingeradius mot høgre skal være minimum 9 meter. Det smalaste punktet i avkøyringa skal være 6 meter slik det går fram av tilsendt planteikning.
6. Det må sikrast tilfredsstillande drenering på staden slik at det ikkje kjem vatn frå avkøyringa ut i fylkesvegen. Plan for drenering må avklarast med Statens vegvesen v/ Vegseksjonen for Bergensområdet som kan setje krav om korleis drenering av området skal gjennomførast. Detaljplan kan sendast til [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no).
7. Eksisterande avkøyring ved profil 02242 skal stengast fysisk når ny avkøyring er opparbeidd.

#### Arbeidsvarsling.

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Planen skal sendast til [bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no). Vi ber om at vårt saksnummer 2015075279 vert referert til i oversendinga.

Når avkøyringa er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tek kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak».

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen